

Nils Magerøy:

LEKPREDIKANTEN SYLFEST LUND

(Med innleiing, etterord og litteraturliste av Hallvard Magerøy)

Den kjende lekpredikanten Sylfest (Sølfest) Lund på Hustøfte er omtala i fleire prenta publikasjonar. Jfr. litteraturlista attarst i denne artikkelen. Men den mest utførlege skildringa av Sylfest Lund og gjerninga hans er gjeven av Nils Magerøy. Nils Magerøy, som dreiv «Opdal private ungdomsskule» i åra 1918–1927 (sjå «Bøgda vår 1983»), vart i 1914 gift med Sofie f. Apeland (1892–1922), deretter i 1929 med systera Jenny (1890–1970). Konene hans var døtrer av eldste dotter til Sylfest Lund, Live (1847–1940), som var gift med gardbrukaren og predikanten Christofer Apeland i Tysvær (1846–1912). Nils Magerøy skreiv ei utførleg ættebok (uprenta) om si eiga ætt, og dessutan (uprenta) «Ættebok åt borni mine. Morsætti» (1959). Frå den siste boka er dette stykket om Sylfest Lund teki, somme stader litt avstytt, og attgjevi med fars rettskriving.

SYLVFEST SYLVFESTSON LUND 20/6 1825–3/1 1908

Ein kåt og uvanleg livall gut var han. I bygd (Skjåk) var det mange haugianarar. Dette sette tidleg merke på guten. Men til full vissa um frelsa kom han fyrst då han var 18 år. Um ungdomstidi si fyre umvendingi segjer han:

*«Når jeg mit liv beser
fra mine ungdomsdage,
det gjør bedrøvelse,
ja, smerte, ve og klage*

★ ★ ★

*En angst omspændte mig
i hjertets skjulte kammer:
Jeg utro var mod dig.
Jeg følte lovens hammer»*

★ ★ ★



Sylfest Lund i eldre år.

Det var ei ulukka som vekte både Sylvfest – og som det ser ut til – ogso syskini hans til umvending. I 1842 skulde Ivar, eldre bror til Sylvfest, til fjellet etter mose. Moselasset valt ut over han, og han døydde der. Dette gjekk ovleg hardt innpå alle i heimen. No vilde Sylvfest helga livet sitt til Gud. Han bad til Gud um kraft til å brjota tvert med dei ugudelege venene sine, og denne krafti fekk han. Ein sundag etter Gudstenesta i kyrkja steig han upp på kyrkjegardsmuren og song for folkemugen salmen: «Hvad er det godt at lande i himlens søde havn!» No visste alle kven han var. Han var komen igjenom. Straks vart han, og alle dagar sidan var han, eit brennande vitne for Gud. I tjugeårsaldren tok han til å gå kring til grannane og snakka med dei på tvomanns-



Frå venstre: Per Nordsletten, Ola Detli og Sylfest Lund. Biletet er teki i Kristiansund, vel i 1870-åra.

hand um frelsa, og det vart til det at han tok til å halda møte.

Sylfest gjekk i skomakarlæra. Det gjekk for seg so at han fylgde ein eldre skomakar frå gard til gard, reidde ler og gjorde skor. I dei dagar hadde ikkje handverkarane nokon verkstad. Like eins som skreddaren, so kom og skomakaren til gards der folk trong han. Det fyrste var då å sjå på den hudi som husbonden nyst hadde teke upp utor barkesåen. Hudi skulde reidast, svertast, smyrjast og bråkast. Deretter laut kona koma fram med lintråden ho hadde spunne. Mannen laut brenna bek av den tjøra han sjølv hadde brent ut or furerøter uppe i skogen sin, og so vart det ei onn med å leggja upp bekatråd med fine viser i endane og grisebust på. Deretter kom folket på garden, eitt i senn, og rette fram ein fot med sokkeleisten på. Skomakaren mælte lengdi på fotbladet med ein treklave og umkverven kring tærne og kring risti med ei papirstrimla som han skar hakk i kanten på til merke.

Det sudamerikanske soleleret var ikkje kjent her i landet endå. Gummi skal du ikkje spyrja etter. Plugga halvsolar var difor lite bruka.

Det var beksaumrand i fleire tjukter ler. Hæl-ane laut pluggast. Det var kveldsetearbeid å smida skoplugg og gøyma på flaskor. Hadde ikkje bonden slik plugg ferdig, so skar skomakaren sjølv pluggen. Einkvar gongen fann han ler av ein gamal stut so tjukt at solar kunde pluggast. Alle skor var tunge, og dei var skodde med hæljern. Høge skor hadde reimar tilskorne av seigt ler. Men låge skor var helst knepte med heimestøypte massingspenne.

For utkoma hans Sylfest vart skomakarhandverket alle dagar ei god hjelp. Vonleg hadde han ikkje rette laget til å kara åt seg sjølv, og barnerik som han med tidi vart, stridde han tungt med å få endane til å møtast.

Talarferdene hans Sylfest vart etter kvart lengre. Ordet hadde han i si makt, og ei uvanleg yndeleg songrøyst hjelpte godt til. Han vart beden um å koma snart her og snart der. Visseleg må han ha pløgt djupe forer i folkelivet der han kom.

Lekmannsverksemd i dei dagar, og ingen ferdatalar hadde levevegen sin av dette arbeidet. Dei reiste um vinteren og arbeidde heime um sumaren. Konventikelpakaten av 1741 som hadde vore lækmannsrørsla til so stort mein, vart avteken 101 år gamal, nett fyre den tid Sylfest tok til å verka. Men utan ei fast adalgjerd heime vart det like vel uråd å reisa med Ordet. Tiggar og lausgangarlover av 1845, 1863 og 1892 gjorde at det vart naudsynt å skipa indremisjonslag som sende ut lønte tenarar. I 1886 vart Nordmøre indremisjonslag skipa. Då vart Sylfest den fyrste arbeidaren laget leigde. Vonleg fekk han heile årsinnkoma åt laget til betaling. Det var 51,79 kr. Årsmøti åt Nordm. indremisjon i Stangvik 1890, i Tingvoll 1891, i Straumsnes 1892 syner at Sylfest hev stade i indremisjonen si tenesta desse tri vintrane.

Umframnt løni på Nordmøre hadde Sylfest vonleg ingi onnor løn enn det som vener stundom stakk honom i handi. Det kunde vera vadmålsty eller pengar. Like frå ungdomen arbeidde Sylfest på garden um sumaren. Um vinteren tok han hesten og skyssa seg sjølv frå bygd til bygd. Før åt hesten fekk han med venene.

Samanhengen er at Sylfest hadde kjøpt garden Sandnes i Våge saman med venen sin, Gudbrand Hove. Eg spår dette hev vore nær ved 1844, tett innunder umvendingstidi hans.

No fær det gamle marknadslivet med denne saga å gjera. Den som vilde kjøpa eller selja i dei dagar, kunne ikkje alltid vera tent berre med dei kringfarande skreppehandlarane og

hestehandlarar. Dei laut møta upp på marknader som vart haldne til tider og på stader fastsette ved lov. Der møtte kann du vita dei illgjetne hestehandlarane og folk som kom med livnaut. Det kom kalkbrennarar, handverkarar, kortspelarar, spelemenner, visesongarar, hallingdansarar, slåstkjempor og, ikkje å forgløyma, brennevinshandlarar og lause kvinnfolk. Livet vart då slik som du sjølv kan tenkja deg det, og mang ein stakar vøre vel betre faren både på kropp og i pengevegen um han aldri hadde kome der.

Midt upp i denne kaula var fyrst Hans Nils-son Hauge komen og sidan andre etter honom. Dei vitna for marknadslyden um eit anna og betre liv.

Ein sovoren marknadsstad var Veblungsnes nede ved Romsdalsfjorden. Sylvfest kan vel ha vore gardbrukar på Sandnes ei 9–10 år då me finn han på Lesjaskogen på veg til Romsdalsmarknaden. Eg vil tru han skulde selja reinsdyrskinn eller eit naut og so kjøpa heim att sild, salt og jarn. Sylvfest kom på tal med ei gamal truande kona på Lesjaskogen. Han spurde um ho kunde utvega honom ei tenestegjenta, og kona lova å gjera sitt beste. Då Sylvfest kom att ifrå Veblungsnes, var gjenta funni. Det var *Johanna Kvitolm*, vanleg kalla Hanna. Ho tente på Sandnes eit par år, og so vart ho gift med Sylvfest i 1856. Sylvfest var då 31 år, Hanna 26.

Sylvfest hadde då vore gardbrukar på Sandnes i lengre tid. Sjølv sagt laut han vera heime i onnene, men vinters tid reiste han vidt i kring. Han endefor Austlandet og reiste til og med på Sørlandet, verka i Sør-Trøndelag, Nordmøre, Møre-byane, Vestlandet.

På Sandnes fekk Sylvfest og Hanna fyrste barnet sitt. Det var Live, fødd 29/5 1857. Etter henne kom Anne, fødd 30/11 1859.

I 1861 selde Sylvfest parten sin i garden Sandnes. Han flutte til heimbygdi åt kona, kjøpte garden Saglykkja på Lesjaskogen. Det er eit mindre bruk uppe i solbakken. Den gongen var det og eit kvernhus som høyrde til garden. Men i den nye heimen vart ikkje levemåten feit. Barneflokken voks, og det kom ei rad med berre ideleg uår. Kornet fraus. Der uppe er dei vane med å røykja åkrane mot frost. Men då lyt det vera stilt ver, elles gyv røyken burt. Ikkje vart det vel stor fortienesta utav kvernhuset heller når folk ikkje hadde noko å mala. Noko kunde Sylvfest fortjena som skomakar. Men det som heldt livet i huslyden i desse tronge åra, var reinveidingi. Sylvfest var ein god skyttar.



Sylvfest Lund og eldste dotter hans, Live Apeland, teki i Haugesund kring nyåret 1880.

I Saglykkja fekk Sylvfest og Hanna tredje barnet. Det var Oline, fødd 15/3 1862. Men dette barnet døydde same året. Eit år etter fekk dei ei ny Olina, fødd 5/5 1863. Der etter kom Sina, fødd 29/12 1865.

I medan hadde Sylvfest halde fram med verksemd i si som ferdatalar. Mange trufaste vener hadde han fenge nordanfjells og sunnanfjells. Ein apostel var han no og å sjå til, den vene mannen. Ein kunstmålar vart so hugteken av andlitet hans at han måla Sylvfest etter minnet. Det biletet er no på Hustoft i Uppdal. Det sterke livet i fjellet og den helselege livnaden hans gjorde han til ein herdig mann. Han bad døtterne sine at dei ikkje måtte drikka kaffi som born. Tobakk bruka han då like eins som alle hine. Han karva rull og stappa i pipa, kveikte so med ei glo.

Venene i Uppdal ynskte at Sylvfest måtte koma til bygdi deira. Soleis gjekk det til at han selde Saglykkja, kjøpte garden Hustoft i Uppdal, tok med seg huslyd og all si eiga over Dovrefjell og flutte til Uppdal i 1867. Då hadde han butt i Saglykkja i 6 år.



Ola Øvreid (sitjande) og ein granne.

Garden Hustoft ligg i Ålbugrendi. Denne grendi merkjer seg ut med mykjen kristeleg sans og ei serskilt god granneånd. Ikkje alle dagar hev det vore nett so i den grendi, og slett ikkje straks etter at Sylvest var komen der heller. Men det er grunn til å tru at dette gode ekteparet hev havt god innverknad kring seg. Um Hanna Kvitlom Lund er inkje fortalt. Men kvar var han ifrå den uvanleg harmoniske karakteren som hev sermerkt fleire av ætlingane hennar? Det ligg nærmast å tenkja seg at dette er arv frå Hanna.

Trongt vart det no for Hanna og Sylvest på Hustoft og. Rett nok vart det betre med årsvoksteren. Men reinveidingi slo no reint feil. Noko var vel det at Sylvest var ukjend i lendet, men vonleg mest det at villreinen hadde minka utor. Kor som var, det lukkast aldri meir for Sylvest å skjota ein einaste rein.

Døtterne vart fleire. No kom Eline, fødd 7/1 1868, og dernæst Hanna, fødd 20/4 1870. Sju døttter og endå ingen konfirmant! Men då Sofia

kom, fødd 28/3 1874, då var eldste systri, Live, 17 år. Som den siste i helle flokken kom endeleg ein gut, Sylvest, fødd 1/5 1878. Men denne store gleda vart til vonbrot. Guten var helselaus og, som fylgje av det, evneveik.

Fyrr den store flokken var fulltalig, hadde han då teke til å minka frå hin kanten. Eldste dottri, Live, var gift året fyrr og budde i Rogaland, og same året som Sylvest vart fødd, vart den næsteldste, Anne, gift til Uppigard Ålbu. Det er nær ved Hustoft.

Dei gjentone som var att heime no, var 5. I huglynde var dei like far sin – dei var kvikke og annløgde.

Men kort tid etter var det at det store slaget råma huslyden. Mori lagdest i giktfeber og døydde i 1880.

Sud for Vangskyrkja i Uppdal stend ein ørliten gravstein av klæber. Eg spår at Sylvest hev skore den steinen sjølv. Han hev eit fir-kanta hol som truleg ein gong hev gøymt ein heilag minneting. Den tid det endå var råd å lesa skrifti, las eg: «Sjå! Guds bustad er hjå menneski og Gud sjølv skal vera hjå dei og vera deira Gud. Og Gud skal turka kvar tåra av augo deira. Og dauden skal ikkje vera meir, heller ikkje sorg eller skrik eller pina skal meir vera til. For dei fyrste ting er farne burt.»

Året etter at mori var slokna, kom Live til Uppdal på gjesting. Men burt til gravi åt mor si kom ho ikkje. Ho makta det ikkje, fortalde ho sidan. På heimvegen tok ho med seg Sofia, yngste syster si. Ho var 7 år.

Sidan gjekk det som det plar ganga: flokken minka og minka. Oline vart gift med ein granne og tok bustad nede i Ålbusbakkane. Sina, «songfuglen», vart gift til Toftakerhaug litt ovanfor Ålbugrendi. Eline reiste til lærarskule. Til dette hadde faren stridsagt nei. Ho Ingeborg Hågåenget var den som fekk den stempla faren til å gjeva seg. Eline fekk sidan post som lærarinne i heimbygdi åt far hennar, og der vart ho gift. Lever 1957.

No var det av alle systrene berre Hanna att heime. Ho gifte seg og vart verande på garden. Det var i 1892.

No tok det til å veksa fram ei ny ætt. Hanna fekk tvo born.

Alle døtterne hans Sylvest var truande. Det må ha lagt ljøs over mykje sorg.

Etter kvart som døtterne hans Sylvest voks til, fylgde dei ofte far sin på ferdene hans og studde forkynningi med vitnemålet sitt, fyrst Live, seinare hine. I jolehelgi kunde fleire hestar taka ut på venegjesting til grannebygdene. «Det gjeng 7 mann på eit lesarlass,» sa Sylvest.

Eline fortel: «Husken heitte den vesle grå hesten hans far. Eg var med far i Rennebu og Meldal. Far køyrde med karjol um sumaren og med styrslede um vinteren. Det var lettaste doningi. Hesten visste like godt som me kvar dei truande venene budde. Når han kom til vegskiftet deira, ville han stødt vika til og sjå inn-um. Ein gong fekk eg vera med på sæterstemna på Nerskogen. Der vart det halde venestemna same sundagen kvart år. Der kom 11 hestar og mange fotgangarar. Fleire tala, men eg trur far var hovudtalaren.»

I Hægtveit «Den norske Kirke i det nittende Aarhundrede» s. 734 og 735 er det fortalt um Sylvfest Lund og sume av venene hans. Dette bør lesast attåt det eg her skriv. Me fær her m.a. vita at ferdene hans so å segja hev gjenge heile Sør-Noreg rundt.

Sylvfest Lund var ogso litt av ein diktar. Visone sine hev han skrive i ei liti bok med meistarleg fin skrift. Men aldri hev han kome på den tanken å lata visone sine verta prenta. Han var vel for smålåten.

Visone gjev eit livande bilete av forkynningi hans og av hans eigen indre strid. Freistingar og sut for utkoma hev plåga han, like eins hev det vore honom ei liding kor lite det lukkast å vekcja menneski upp or syndesvevnen. Me skynar han ofte hev vore trøytt, men gjeva upp, slutta å ropa – nei!

*«Jeg har håbet, jeg har råbet
at de skulle vende om.
Men de agte ei på råbet,
vil ei give nåden rum.
Men jeg vil dog ei forsage,
om det kjødet koster plage.»*

Sant å segja fylgde tidt vekkjing med honom der han kom. Berre Gud veit kor mange sorgtunge sjeler han fekk reisa upp til frimod i Gud. Men dei må ha vore mange. Um det vitnar den uvanlege høgvyrdnaden han like til denne tid hev vore umtala med av dei som hugser han.

Når det gjeld dei store vanskane for dagleg brød, då klagar han ikkje over dei. Han klagar berre over vantrui si.

*«Se dog, Gud Fader, min avmakt, men særlig
at jeg kan plages av timelig sorg!
Vantroen glemmer at du er så kjærlig
som du har sagt om dig selv i ditt ord.
Ofte jeg skamfull og glad har erfaret
at du kan hjelpe når nøden er størst.
Ett er fornøden, ha troen bevaret,
søke Guds rikes rettferdighet først.»*



Måla portrett av Sylfest Lund, no på Hustøfte.

Men Sylvfest hev også sine ljose og glade tonar. I eitt av kvædi sine skildrar han Guds godleik i naturi og manar til lovsong og takk. Han talar um blommar og lauvsprett og held fram:

*«Gud lader himlens fugle deilig synge,
så det gir lyd i trærnes grønne klynge.
Hva gjøre vi som have mer forstand?
Så hør Guds børn av hjerte deilig kvæde
til nådens pris i Helligåndens glæde
i sorgens land.»*

Sume av venene hans Sylvfest i Uppdal er nemde hjå Hægtveit s. 731–736. Ein av desse er Sivert Gravaune. Han stod stød som ein stolpe då partimakarane tok til å bråka og skapa uhygge i veneflokken. Den andre er lærar Stene. Sylvfest kom i tankar over dette at Stene hadde lukka med seg på utkomemåten, han ikkje. I dette såg han ei uppseding av Gud. Den tredje er gamle Ola Dettlid. Han og Sylvfest fylgdest gjerne i seinare år. Ola var liten og snål, ein framifrå god skilaupar, eit av naturi kvikt og barnleg lynne og ein audmjuk kristenkarakter. I heimen sin hadde han ingen som skyna han eller hadde ordet kjærte. Dette var ein hard skule. Ola var ingen talar. Men han bad som ingen annan kunde beda. Når motstandet heime vart alt for drjukt, rusla han upp til Ålbu og fann Sylvfest, venen sin. «Det vart so trongt nede i Dettlidi no,» sa han. So henta Ola nytt mod til sin tunge strid, med di bøn og Guds ord og broderkjærleik kveikte han upp. So sette han seg på gruvesteinen og kara fram ei glo til å kveikja pipa med. «Eg fær no vel tak i ei glo



med denna svære eldtongi di,» erta han. Sylvest var kan henda ingen meister i smedkusten.

Ein fjorde i flokken var den merkelege Ola Øvrelid. Han var noko for seg sjølv. Små evner hadde han, det visste han sjølv. Talar var han ikkje. Ikkje noko vidare til songar heller. «Han hadde *ein* tone,» sa folk, «og med den fekk han alle songar til å ganga.» Dette hev sjølv sagt vore overdriving. Denne mannen reiste vide i kring og heldt – ikkje møte, men husandakt. Han var rett eit godt døme på ordet: «Det som er ringt i denne verdi, hev Gud valt seg ut.» Han hadde *ein* ting: det var Guds Ånd. Når han kom til gards og hadde helsa og sett seg, bad han um løyve til å syngja eit vers. Etter dette bad han um å få lesa eit Guds ord. So knytte han attåt nokre einfelde ord um å nytta nådetidi. Kan henda var det berre kona som hørde han fyrste gongen han gjesta garden. Men næste gong forlet folket arbeidet og sette seg til å høyra. Han rakk inn i mange heimar der Guds ord aldri fyrr hadde vore høyrte, og meir enn ei

sjel opna seg for ordet. Han reiste både nordanfjells og sunnanfjells.

Ein gong var han komen heim til ein lensmann, som elles var kjend for å vera ein rå mann. Lensmannen hørde i stilla. So sette han augo på Ola og sa: «Eg meiner Gud bur i deg, mann!»

Kjæraste songboki hans Ola Øvrelid var «Mads-Andreas-boki». Denne boki heiter «Åndelig Visebog». Songane er samla av Mads Andreas Rø, ein lærar i Aukra (1825–1856). Ut or denne boki song gjerne Ola når han sat i godt lag.

I dei siste leveåri sine var Ola periodisk sinnsjuk. Det skulde skriva seg frå ein sjukdom i nase og panneholone. Ola livde meir enn 10 år etter at Sylvest var avliden. Sistpå var det berre i få stunder han var klår.

Ei av dei større langferdene hans Sylvest gjekk til Rogaland. I Haugesund fotograferte dei seg i lag, Sylvest og eldste dotter hans, fru Live Apeland, ho som i gjentedagane hadde fylgt far sin på so mang ei ferd.

I Kristiansund hev dei møttest dei tri venene Per Nordsletten, Ola Dettlid og Sylvest Lund. Det er nok andre som hev skuva på at dei måtte taka bilete av seg. Dei gamle var sjølv ikkje glade i slikt. Men Sylvest og Per hev vore skjelske nok til å få Ola Dettlid upp på katederet.

So leid det fram til 1907, tenkjer eg. Sylvest kjem inn i stova heime på Hustoft og bed dotter si, Hanna, hjelpa seg med ein finger han hadde brote av.

Då Hanna såg den nakne beinenden stikka ut, heldt ho på å uvita. «Asj! Enn rett å sjå slikt tull!» skjente Sylvest. Han bøygde sjølv beinendane til rettes, og Hanna knytte band på. Å søkja lækjar for dette kom Sylvest aldri på. Men vanstell var no dette, og han livde ikkje at fingren vart god att.

So stod Hanna ein dag ved sjukesengi åt far sin. Sylvest hadde visst nemt noko um døden. «Kjenner du at du skal døy no då?» spør Hanna. «Kor skal eg ha vit på det?» spøkte gamlingen. «Eg hev ikkje prøvt å døy fyrr.» Men berre veikare vart han.

So slokna Sylvest Lund 3. januar 1908, 83 år gamal, høgvyrd og elska som berre få menneske.

Takksame vener reiste ein ven stein på gravi hans.

Etterord av H. M.: Sylvest Lunds reis til Haugesund gjekk føre seg midtvinters 1879-1880. Vi har framleis eit brev datert 27/2 1880, som han skreiv på Hustøfte til Live og mannen hen-

nar ei veke etter at han var heimkomen. – Mannen som sit lengst til venstre på biletet av dei tre, er den kjende predikanten og songdiktaren Per Nordsletten frå Lesja (1837–1929). – Det heftet med eigne songar som Sylfest Lund skreiv, finst framleis på Hustøfte. Nils Magerøy skreiv av songane i ei stilbok. Der er det også oppteikningar om gravferda til Sylfest Lund. Han vart gravlagd på Vangs kyrkjegard nær den vestre inngangsporten 20. januar 1908. Det heiter at det kom mange utanbygds kransar til gravferda. Lærar Mons Bjørlo (sjå «Bøgda vår 1983» s. 18) tala ved båra og sa fram eit dikt om Sylfest Lund som han sjølv hadde laga, og ved grava tala sokneprest Anton Bøysen. Sundag 26. januar var det minnesamling på Hustøfte, der Bøysen atter tala og song ein song han hadde dikta for dette høvet. I 1912 vart det reist ein særskilt fin gravstein av marmor over grava hans. (Sjå foto av gravsteinen.)

På toppen av steinen stod det før ein uvanleg vakker marmorengel, som bøygde seg fram og var i ferd med å kasta ei rose ned på grava. Den må ha vorti knust ved eit uhell. No står der ein annan engel, som ikkje tek seg så godt ut som den fyrste.

Litteratur om Sylfest Lund og hans samtidige

H. G. Heggveit: Den norske Kirke i det nittende Aarhundrede, Andet Bind, Anden Afdeling (Christiania 1912-1920) s. 731-736. – Her finst også attgjevi eit foto av dei tre, Ola Detli, Sylfest Lund og Johan Elde frå Kristiansund (her rangt kalla Kristoffer Apeland). Biletet er teki av O. I. Gravem, Sunndalen, i den seinare delen av 1800-talet. Eksemplar av sjølv fotografiet finst framleis på Hustøfte og i Oppigard, og ein forstørtra kopi i Ålvundeid bedehus.

Ivar Kleiven: Gamal bondekultur i Gudbrandsdalen Lom og Skjaak (Kristiania 1915, nytt opplag Oslo 1973). – Om Sylfest Lund s. 366-367 (i andre opplaget). Her rangt opplyst at Sylfest Lund døydde i 1905.

O. M. Sandvik. Folkemusikk i Gudbrandsdalen (1. utg. Kristiania 1919, 2. utg. Oslo 1948). – Om Sylfest Lund i 1. utg. s. 40, i 2. utg. s. 53. Sandvik skriv om Sylfest Lund: «Han var etter alles vitnesbyrd en trosfreidig, lys skikkelse av et usedvanlig sympatisk vesen, og utrustet med en herlig sangstemme, som gjorde mer inntrykk enn de fleste prekenere.»

Gunnar Dehli: Per Nordsletten En legpredikant av den gamle skole (fyrste og andre opplag Oslo 1928, tredje opplag Oslo 1929). – Om Sylfest Lund s. 23 (i tredje opplaget).

Misjonsliv på Nordmøre I. Utgitt av Nordmør krets av Indremisjonsselskapet (Orkanger 1936). – Om Sylfest Lund s. 12, 23, 46-47. Her opplyst at Sylfest Lund arbeidde for Indremisjonen på Nordmøre i 1886, 1887, 1890, 1891, 1892.

H. H. Neumann og Erling Bruheim: Ættebok for Skjåk (Lillehammer 1946). – Om Sylfest Lund s. 163.

«Trondhjems stifts kreds for indre mission» vart skipa i Trondheim 19. oktober 1886. Vi har forhandlingsprotokollen for skipingsmøta, seinare generalforsamlingar og krinsstyremøte fram til 1895 og prenta årsmeldingar frå og med 1901. I referat frå krinsstyremøte 11. februar 1890 er referert brev frå I. Stene, Oppdal, om at det er skipa ei indremisjonsforeining i Oppdal, som slutta seg til krinsen.

På krinsmøtet i Stjørdalen 1892 er Oppdalsforeininga representert ved Stene, på krinsmøtet på Orkedalsøra 1893 og Steinkjer 1894, ved prost Schelderup. I alle dei prenta årsmeldingane frå tida 1903-09 er I. Stene formann.

Det går fram av den handskrivne protokollen at krinsstyret tilbaud Sylfest Lund stilling som emissær både i 1891 og 1892, men at Sylfest Lund svara at han ikkje hadde høve til å taka imot tilbodet. Han grunngjev dette dels med at han ikkje hadde tid, dels med tilhøva i heimen.

Om ein skulle leggja noko til fars skildring av Sylfest Lund, måtte det helst vera at Sylfest Lund av natur var humoristisk og ein stor spøkefugl jamvel i eldre år.

Jakob Straume: Kristenliv på Nordmøre Eit festskrift (Bergen 1951). – Om Sylfest Lund s. 49 og 73. I denne boka, s. 71-73, er det og fortalt om kristenlivet i Oppdal, og der er eit stykke, s. 72-73, om ungdomsskulen til Nils Magerøy (jfr. «Bøgda vår 1983»).

Martin Foss: Meldal Glimt fra Menighetslivet, lekmannsarbeidet og foreningslivet i bygda (75 år Meldal Indremisjonsforening, Svorkmo 1965). – Om «Oppdalingann» s. 32-34.

Trygve Bjerkheim: «Biskopen over emissærane i Trøndelag». Eit og anna om bonden og lekpredikanten Sylfest Lund, i «Ut i all verden» nr. 4 (Oslo 1968) s. 34-35 og 47. – Her er gode foto av Hustøfte-garden, av Halvor Hustoft (son til Hanna Sylfestsdotter) og av John H. Aalbu (Oppigard, sone-son til Anne Sylfestsdotter), vidare biletet av dei tre, Ola Detli, Sylfest Lund og Johan Elde (her kalla Johan Myren), og bilete av Anne Sylfestsdotter. – Artikkelen til Bjerkheim er sær velskriven og har med ymse ting som ikkje står i stykket til Nils Magerøy. M.a. er her opplyst at Sylfest Lund var den fyrste formannen for Indremisjonen i Oppdal. Men artikkelen inneheld også somme range opplysningar, t.d. at Sylfest Lund døydde i 1905.

John Sundsfjord: «Ulstadløkkvegen», i «Arbeider-Avisa» 14. mars 1977. Her er det fortalt at kjøpmannen og haugianaren Gunnerius Ulstad i Trondheim (fødd 1807) utanfor byen hadde garden Ulstadløkken, som «var bortforpaktet til en Sølfest Lund fra Lom i Gudbrandsdalen».

Nordmøre krets av Indremisjonsselskapet 100 år 1886-1986: redaktør Bjarne Berget (Kristiansund 1986). Sylfest Lund her omtala s. 8 som ein framstående predikant, s. 10-11 opplyst at då Tingvoll og omegns indremisjonsforening vart skipa 1886, vart Sylfest Lund tilkalla som «foreningens første emissær».